

# Avtale om lån av elsykkel

Sykkel nummer:.....

Aldersgrense for lån og bruk av elsykkel er 18 år. Ålesund kommune har ikkje ansvar for direkte eller indirekte tap eller skadar som måtte oppstå på personar eller gjenstandar som følge av lån og bruk av elsykkelen.

Du kan berre låne ein sykkel på lånekortet ditt. Lånetida er to veker. Lånetida kan ikkje forlengast. Du må betale eit depositum på kr 1 000. Dette blir betalt tilbake ved innlevering av sykkelen så sant han er i same stand som han vart lånt. Ved lån får du også utlevert sykkelveske, laddar, batteri med nøkkel, nøkkel til sykkellås, lappesaker, sykkelpumpe. Dette må leverast inn komplett innan forfall.

Eg har sjølv ansvar for å:

- Oppbevare sykkelen trygt, og låse han fast til eit objekt som er festa i bakken (for eksempel sykkelstativ eller liknande) eller innandørs.
- Skaffe og bruke hjelm og eventuelt anna nødvendig tryggleiksutstyr (følger ikkje med sykkelen ved utlån)
- Følge trafikkreglane
- Lade batteriet innandørs
- Melde frå om sykkelen ikkje fungerer som han skal
- Leverer sykkelen ferdig reingjort med ladda batteri, i den stand eg fekk han utlevert

Eg har erstatningsplikt for skadar som skuldast uforsiktig og uaktsam bruk eller at eg med vilje har skada elsykkelen. Erstatninga blir basert på kva det kostar å reparere skaden. Erstatningssummen blir avgjort av kommunen i samråd med verkstaden kommunen har vedlikehaldsavtale med. Viss elsykkelen må kondemnerast er øvre grense for erstatning kr 30 000. Ved tjuveri eller hæververk utført av andre fell erstatningsplikta vekk viss eg melder frå til politiet i samråd med kommunen. Opp dagar eg skadar eller manglar ved sykkelen skal eg straks melde frå til biblioteket på tlf.nr. 70162260 (Ålesund)/70164530 (Moa). Syklar som skal reparerast eller treng service må leverast tilbake til biblioteket, slik at verkstaden kan hente dei.

Eg er sjølv ansvarleg for å levere sykkelen innan fristen til biblioteket eg lånte sykkelen ved. Purringar blir sendt via e-post eller SMS. Første purring blir sendt to dagar etter forfallsdato, med kr 50,- i gebyr. Purring nummer to blir sendt fem dagar etter forfallsdato, med kr 90,- kr i gebyr. Viss sykkelen ikkje blir levert etter 2. purring, vil du få tilsendt rekning med krav om erstatning tilsvarande sykkelens verdi. Dersom sykkelen ikkje vert levert etter 2. purring eller han er utsett for skade påført ved uforsiktig bruk, mister ein retten til igjen å låne sykkel. Eg er klar over at sykkelen er utstyrt med ein brikke som gjer at sykkelen kan finnast igjen og hentast, om han ikkje blir levert tilbake i tide.

Namn på lånar:.....

Lånarnummer:.....

Telefonnr.:.....

Utlånt dato:.....

Forfall:.....

Signatur .....

Merknader ved innlevering: .....

.....

.....

.....

Innlevert dato:.....

Sign .tilsett:.....

## Trygg lading av batteriet

Om du har behov for å lade batteriet i låneperioden ber vi deg følge desse råda, som er henta frå Dinside:

- Ta av batteriet og lad det inne.
- Ikkje lad når du søv eller ikkje er heime.
- Lad på brannsikkert underlag, straumadapteren til batteriladaren blir varm under lading.
- Ikkje bruk batteriet om det har blitt utsett for støyt og skadar. Meld frå til oss om det har oppstått skade på det.
- Ikkje lad batteri med smuss og fukt rundt kontakten.
- Ikkje bruk uoriginal ladar. Bruk utstyret som følgjer med sykkelen.
- Trekk ut kontakten på straumadapteren når du ikkje ladar.